

# Det finst ein ærekultur i Gud

## Ærekultur – del 2

Tekst: Erling Thu  
erlingthu@msn.com

Me kristne forstår Gud, slik han har gjort seg kjend gjennom patriarkane og Israel i GT og gjennom Jesus Kristus og apostlane i NT, som treeinig. Gud er ein, men er ein samansett einskap. Me trur at det berre er ein Gud, men at denne eine Gud eksisterer i all æve i tre personar, Far, Son og Den Heilage Ande. Gud er tre i ein og ein i tre. I Gud finn me både einskap og mangfald for Gud er eit herleg dynamisk ærefelleskap. Det er ein fantastisk ærekultur i Gud som byrjar hos Far.

Om me som er Guds barn liknar på Gud vil me læra å avspeгла denne ærekulturen mellom oss. Då vil liv og skaparkraft verta utløyst mellom oss til velsigning for mange menneske og til Guds ære. Ingen har nokon gong sett Gud, men den einborne, som er Gud, og som er i fanget til Far, han har synt oss kven han er (Joh 1,18). Når me les evangelia får me mange innblikk i det nære forholdet i Guddommen der alle ærar kvarandre i ekte kjærleik. Her har me som foreldre mykje å læra i korleis me skal elska og oppseda barna våre slik at dei vinn herlegdom og ære, - og vil vera til ære for oss og for Gud.

Sonen utgår frå Far. Han får og har herlegdom og ære frå Far. Frå æva av, før Jesus vart født som eit menneske og vart ein av oss, hadde han heilt og fullt del i Guds herlegdom hjå Gud (Joh.17,5). Då han steig ned til oss gav han avkall på å vera Gud lik og ha sin eigen herlegdom (Fil.2,6-7). Difor finn me ikkje mykje ytre ære og herlegdom knyta til Jesu liv eller død. Han vart født i ein stall og vart lagt i ei krybbe. Han hadde ikkje eingong noko han kunna kvila hovudet sitt på då han utførde oppdraget sitt. Til slutt vart han krossfesta og døde som ein forbrytar. Men i all denne forne- dringa æra Gud han og lyfta han til slutt opp til den mest ærefulle plassen ved si høgre hand i herlegdomen.

### Far æra Sonen då han vart avla i mors liv

Gud sende ein engel for å æra dette barnet som vart avla ved Den Heilage Ande i møya Maria. Sonen ho bar fram skulle vera heilag og stor, og kallast Guds Son. Josef, som var trulova med Maria, fekk også besøk av ein engel som æra sonen i Marias morsliv (Luk 1,28-37 og Matt 1,18-25)

Denne vakre forteljinga fører tankane til Hebr.13,4 som seier at me skal halda ekteskapet i ære, og lat ikkje ektesenga skitnast til. For Gud vil dømma dei som driv hor eller bryt ekteskapet. Kvart einaste barn fortener å verta født på ein ærefull måte i eit ekte- skap, eit ordna familieforhold kjenneteikna av kjærleik. Det er ære- fullt å verta mor og bera fram barn når ein er gift, men det er lite ærefullt å verta gravid utan å vita nøyaktig kven faren er. Barnet som vert født utaføre ekteskapet har sjølvsgagt inga skuld og skal ærast uansett fordi det er skapt i Guds bilete.

### Far æra Sonen då han vart født

På ny sendte Far englane sine for å kunngjera kven dette barnet som no ligg i krybba verkeleg er (Luk 2,10-14)

### Far æra Sonen då han vart døypt og tok til med si teneste

Alt folket lét seg no døypa, og Jesus vart òg døypt. Medan han bad, opna himmelen seg, og Den heilage ande dala ned over han i skapnad av ei due. Og det kom ei røyst frå himmelen: "Du er Son

*«Barnet som vert født  
utaføre ekteskapet har sjølvsgagt  
inga skuld og skal  
ærast uansett  
fordi det er skapt  
i Guds bilete»*

***«Barnet som vert født  
utaføre ekteskapet har sjølv sagt  
inga skuld og skal  
ærast uansett  
fordi det er skapt  
i Guds bilete»***

min, som eg elsker, i deg har eg mi glede.” Jesus var omkring tretti år gammal då han tok til med si gjerning. Luk 3,21-23)

Ingen tek seg sjølv den æra, men han blir kalla av Gud, slik som Aron. Så har heller ikkje Kristus teke seg den æra å vera øvsteprest. Han fekk henne av Gud, som sa til han: Du er son min, eg har født deg i dag. Og som han seier ein annan stad: Du skal til evig tid vera prest av same slag som Melkisedek. (Hebr 5,4-6)

### Far æra Sonen då han var midt i tenesta si

For han fekk ære og herlegdom frå Gud, vår Far, den gongen røysta kom til han frå høgste herlegdomen: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.» Vi høyrde sjølv denne røysta koma frå himmelen då vi var saman med han på det heilage fjellet. (2 Pet 1,17-18)

### Far æra Sonen i avslutninga

Jesus svara: “Timen er komen då Guds herlegdom skal lysa om Menneskesonen. Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Fell ikkje kveitekorner i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde. Den som elsker livet sitt, mistar det. Men den som hatar livet sitt i denne verda, skal berga det og få evig liv. Den som vil tena meg, må følgja meg, og der eg er, der skal tenaren min òg vera. Den som tener meg, skal Far min æra. No er sjela mi fylt av angst. Men skal eg så seia: Far, frels meg frå denne timen? Nei, til denne timen skulle eg koma. Far, lat herlegdom lysa om namnet ditt!” Då kom det ei røyst frå himmelen: “Eg har late min herlegdom lysa om det og skal la han lysa på nytt.” (Joh 12,23-28)

### Far æra Sonen i oppstoda

Ved han er de komne til tru på Gud, som vekte Kristus opp frå dei døde og gav han herlegdom. Difor er trua dykkar òg von til Gud. (1 Pet 1,21)

## Far æra Sonen i himmelfarten

Difor har òg Gud opphøgt han til det høgste og gjeve han namnet over alle namn. I Jesu namn skal difor kvart kne bøya seg, i himmelen, på jorda og under jorda, og kvar tunge vedkjenna at Jesus Kristus er Herre, Gud vår Far til ære! (Fil 2,9-11)

“Lyft dykkar hovud, de portar, ja, lyft dykk, de eldgamle dører, så kongen, den herlege, kan dra inn!” “Kven er kongen, den herlege?” “Det er Herren, Allhærs Gud. Han er kongen, den herlege.” (Sal 24,9-10)

## Far æra Sonen ved å renna ut Anden

Siste dagen i høgtida, den store festdagen, stod Jesus fram og ropa: “Den som tørstar, skal koma til meg og drikka. Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som Skrifta seier, renna elvar med levande vatn.” Dette sa han om Anden dei skulle få, dei som trudde på han. For endå var ikkje Anden komen, for Jesus var endå ikkje herleggjord. (Joh 7,37-39)

Han vart opphøgd til Guds høgre hand og fekk av sin Far Den heilage ande som var lova, og den har han no aust ut. Det er dette de ser og høyrer. For David fór ikkje opp til himmelen, men han seier: Herren sa til min herre: Set deg ved mi høgre hand til eg får lagt dine fiendar som ein skammel for dine føter. Så skal heile Israelfolket vita for visst: Denne Jesus som de krossfeste, han har Gud gjort til både Herre og Messias.” (Apg 2,33-36)

## Sonen æra Far

Gjennom heile sitt liv og si teneste var Jesus medviten at han var sendt av Gud til jorda og kalla Gud for han som har sendt meg. Gjennom alt ha sa og gjorde søkte han difor å æra Gud som hadde sendt han. Han søkte ikkje si eiga ære og han søkte ikkje ære hjå menneske. Han hadde berre eit ynskje og det var å æra Gud i alle ting. Her er nokre bibelord som understrekar dette:

Den som talar ut frå seg sjølv, søkjer si eiga ære, men den som søkjer ære for den som har sendt han, han talar sant, og det finst ikkje urett i han. (Joh 7,18)

“Eg har inga vond ånd i meg,” sa Jesus, “men eg ærar Far min, og de vanærar meg. Eg søkjer ikkje mi eiga ære. Det er ein som det gjer, og han dømmer. (Joh 8,49-50)

Jesus svara: “Dersom eg ærar meg sjølv, er æra mi ingen ting verd. Det er Far min som ærar meg, han som de kallar dykkar Gud. (Joh 8,54)

### Jesus æra Anden og Anden ærar Jesus

Jesus talte alltid vel om Den Heilage Ande og brukte mange ærefulle namn på han. Då farisearane meinte at det var ei urein ånd som var verksam i han, tok kan kraftig til motmæle for å verna om æra til Anden. Han gjorde det klart at den ånda som var verksam i han var Guds Ande og ikkje noka urein ånd. Han lyfta Anden høgt opp til ære ved å seia:

*Difor seier eg dykk: All synd og spott skal menneska få tilgjeving for, men spott mot Anden skal ikkje tilgjevast. Den som seier eit ord mot Menneskesonen, skal få tilgjeving. Men den som seier mot Den heilage ande, skal ikkje få tilgjeving, korkje i denne verda eller i den som kjem. (Matt 12,31-32)*

Den Heilage Ande æra Jesus som eit foster då Maria kom på besøk til Elisabet (Luk.1,41-45). Det var også Den Heilage Ande som dreiv Simeon og Anna til å æra Jesus då han vart teken til templet i Jerusalem som eit lite barn (Luk.2,25-38). Då Jesus talte til lære-sveinane om Anden som skulle koma sa han:

*Han skal herleggjera meg, for han skal ta av det som er mitt, og forkynta det for dykk. (Joh 16,14)*

**«Dersom eg ærar  
meg sjølv, er æra mi  
ingen ting verd.  
Det er Far min som ærar meg,  
han som de kallar  
dykkar Gud»  
(Joh 8,54)**